


JD 1979005

Sveio Kommunestyre sak nr. 192/78

Vedlegg nr. 2

"HJARTÅSEN"

REGULERINGSFØRESEGNER



Området er oppdelt i:

- A. Tomter for open villamessig busetnad
- B. Offentlege friarealer

A. TOMTER FOR OPEN VILLAMESSIG BUSETNAD

1. På tomtene skal det oppførast einbustader.
2. Bygningane skal plasserast innafør regulerte byggjeliner.
3. Ved byggjemelding skal situasjonsplanen vise avkjørsel samt oppstillingsplass for minst 2 bilar utanom garasjeplass for eigen bil.

Garasjen skal kun oppførast i 1 etasje og med maksimum grunnflate 40 m^2 når det skal gje plass til 2 bilar, elles maksimum 35 m^2 . Garasjen skal generelt samanbyggjast med våningshuset. Bygningsrådet kan i særlege høve godkjenna frittliggjande garasjer. Frittliggjande garasjer kan plasserat i nabogrense og skal liggja innafør byggjelina.

B. OFFETNLEGE FRIAREAL, LEIKEPLASSAR.

Det vert ikkje lov til å føra opp bygg av nokon art på desse areal bortsett frå nødvendige kommunaltekniske anlegg. Bygningsrådet kan likevel gje løyve i særlege høve, men ikkje bygningar for bustad.

4. Skal ein ^{gjerd/hell o.l. mst} markere grenseline mot nabo eller veg må dette godkjennast av Sveio Bygningsråd.

- C. Etter at desse føresegner er trådt i kraft, er det ikkje løyve ved private servitutter å etablere forhold som står i strid med føresegnene. Elles gjeld bygningslova sine føresegner.

+ utarbeidast.

Vedlegg nr. 3

JD 1979005


FYLKESMANNEN I HORDALAND

POSTBOKS 106 - 5001 BERGEN

TELEFON 21 67 20 — TELEX 42 153

kopierte (Rinnsetland)

Sveio kommune
Formannskapet
5520 SVEIO



K. ING

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svarbrev):

Dato

3907/78.714.82. VYA/DH

25. juli 1979

SVEIO KOMMUNE. REGULERINGSPLAN FOR HJARTÅSEN I FØRDE.

I medhald av § 27 i bygningslova av 18. juni 1965 og etter fullmakt av 2. juli 1973 frå Miljøverndepartementet, stadfestar fylkesmannen vedtak i Sveio kommunestyre den 25. okt. 1978 om nemnde regulering, med nokre mindre endringar godkjent av bygningsrådet den 19. juni 1979. Unntatt frå stadfestinga er planlagt trafikkareal aust for gnr. 121, bnr. 94, vist med svart skravur på reguleringsplanen.

Vidare stadfestar fylkesmannen kommunestyret sitt vedtak om føresegner i tilknytning til reguleringsplanen, med nokre endringar godkjend av bygningsrådet den 19. jan. 1979.

Reguleringsplanen er justert i samsvar med vegsjefen sine merknader i brev av 19. juni 1979. Fylkeslandbruksstyret har ingen merknad til reguleringsplanen.

Fylkesmannen si stadfesting gjeld ikkje som løyve til utslepp etter § 6 i lov om vern mot vannforurensing av 26. juni 1970. Det er eit vilkår at utslepp frå området ikkje finn stad før slikt løyve ligg føre frå forureiningsmyndigheitene.

FYLKESMANNEN I HORDALAND
UTBYGGINGSAVDELINGA


Det stadfesta reguleringskart følger vedlagt med påteikning om stadfestinga, saman med nokre av dei innsendte saksdokumenta.

Om kunngjering av stadfesta plan viser ein til § 27 punkt 5 i bygningslova.

I kunngjeringa skal det gjerast merksam på at vedtaket om stadfesting kan påklagast til Miljøverndepartementet etter nærare reglar.

Vedtaket om stadfesting er ikkje endeleg før klagefristen er gått ut eller eventuelle klager på stadfestinga er avgjort.


Lars Leiro


Vemund Ytre-Arne

Gjenpart: Miljøverndepartementet, Oslo - Dep., Oslo 1
Vegsjefen i Hordaland, C. Sundtsgt. 64, 5000 Bergen
Fylkeslandbrukssjefen i Hordaland, Rådstuplass 2/3
5000 Bergen